

Møtereferat – Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning i spesialisthelsetenesta

Dato: 08.06.2022
Tid: 10:00-15:00
Sted: Radisson Blu Trondheim Airport Hotel

Faste medlemmer og observatører

Siv Mørkved	Helse Midt-Norge RHF	Leiar 2022
Baard-Christian Scheem	Helse Vest RHF (digitalt)	Fast medlem
Tove Klæbo Nilsen	Helse Nord RHF	Fast medlem
Erlend B. Smeland	Oslo Universitetssjukehus (digitalt)	Fast medlem
Gunbjørg Svineng	Universitetet i Tromsø	Fast medlem
Per Bakke	Universitessjukehuset i Bergen	Fast medlem
Ivar Gladhaug	Universitetet i Oslo	Fast medlem
Torstein Baade Rø	NTNU	Fast medlem
Toril Forbord	Universitets- og høgskolerådet (helsefag) (digitalt)	Varamedlem
Randi Vad	Helse Sør-Aust	Varamedlem
Ole Johan Borge	Norges forskingsråd	Observatør
Maiken Engelstad	Helse- og omsorgsdepartementet	Observatør
Jahn Fredrik Frøen	Folkehelseinstituttet	Observatør

Inviterte

Trine Holter	Koordinator	Sekretariatet for SO	Referent
Torill Røkke	Rådgivar	Sekretariatet for SO	Invitert
Marianne van der Wel	Seniorrådgivar	HOD	Invitert
Eli Eikefjord	Nettverkskoordinator PRESIMAL	UiB	Invitert
Ingelin Testad	Professor	Helse Stavanger HF	Invitert
Harleen Grewal	Prosjektleiar	Universitetet i Bergen	Invitert
Tove Klæbo Nilsen	Koordinator Nasjonalt nettverk for helsetenesteforskning	Helse Nord	Invitert
Hilde Lurås	Avdelingssjef, avd. for helse- tjenesteforskning	Ahus	Invitert

Forfall

Gro Jamtvedt	Universitets- og høgskolerådet (helsefag)	Fast medlem
Øystein Krüger	Helse Sør-Aust	Fast medlem
Martin Fredheim	Kunnskapsdepartementet	Observatør
Renate Grüner	Fellesrepresentant forfall	Fast medlem
SAFO	Universitetssjukehusa Brukarrepresentant	Observatør

Sak 11/21 Kl. 10:00-10:05 Godkjenning av innkalling og dagsorden v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

Vedtak: NSG godkjenner innkalling og dagsorden

Sak 12/22 Kl. 10:05-10:10 Referat frå møte 9. mars 2022 v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

Vedtak: NSG godkjenner referat frå møtet i NSG 9.mars

Sak 13/22 Kl. 10.10- 10.30 Program for dagskonferanse 16. november v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

- Klinisk forskning i akutte situasjoner - Hvordan kan vi best møte fremtidige kriser med akutt behov for forskning?
- Oppfølging Nasjonal handlingsplan for kliniske studie

Punkt frå diskusjonen

- Avklare målgruppa for konferansen
- Viktig å promotere seminaret
- Få fram fokus på NSG si rolle innafor begge tema – spisse bestillinga til dei som skal ha innlegg - kva er betydninga av samarbeid mellom sektorane og kan dette utvalet som representerer begge sektorane bidra med inn i arbeidet framover?
- Ta inn case for å vise samarbeid over sektorar når det gjelder klinisk forskning i akutte situasjonar
- Vise samarbeid på tvers mellom sektorane, ta inn innlegg på 10 min. frå kvar region på oppfølging på nasjonal handlingsplan for kliniske studie

Vedtak: NSG godkjenner utkast til program for dagskonferanse 16.november 2022 med dei innspel som kom i møtet. NSG ber arbeidsutvalet saman med sekretariatet om å ferdigstille program for dagen og sende ut invitasjon til alle regionane innan august 2022.

Sak 14a/22 Kl. 10.30- 11.10 NSG forskingsnettverk – vidareføring

Presentasjon av vidareført nettverk etter oppstartsfinansieringen frå NSG

- Nettverk for helsetjenesteforskning [Nasjonalt nettverk for helsetjenesteforskning – Norwegian Health Services Research Network](#) v/Hilde Lurås, leder for koordinerende miljø for satsingen og avdelingssjef for Avdeling for helsetjenesteforskning ved Ahus/professor ved Universitetet i Oslo og Tove Klæboe Nilsen, koordinator for nettverket og forskningsdirektør i Helse Nord RHF

Vedlegg: presentasjon

Vedtak: NSG tar informasjonen til etterretning

Sak 15/22 Kl. 11.10-11.20 Forskningsrådet og endra rammevilkår - betydning for UH sektoren.

v/ Torstein Baade Rø, prodekan forskning, Fakultet for medisin og helsevitenskap, NTNU

Vedlegg: presentasjon

Vedtak: NSG tar informasjonen til etterretning

Sak 16/22 Kl.11.20 - 11.25 Sikkerhetsbasert nedstenging av sida helseforsk.no og ny plassering av NSG-sida

v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

Vedtak: NSG gir tilslutning til at kommunikasjonsavdelinga ved HMN RHF skal opprette ei midlertidig NSG-side som sekretariatet skal drifte. Innhaldet skal i løpet av 2023 bli overført til RHF-enes nettsider for denne type interregionale tjenester/samarbeidsløsninger.

Sak 17/22 11.25 - 11.30 Oppnemning av nytt medlem og samansetting av NSG AU

Vedtak: påtroppande fagdirektør i Helse Vest Bjørn Egil Vikse skal erstatte Baard-Christian Scheem i NSG. region Vest blir frå august 2022 representert i AU NSG v/Per Bakke, dekan ved Universitetet i Bergen

Lunsj 11.30-12.30

Sak 14b/22 Kl. 12.30- 13.00 NSG forskingsnettverk – nye nettverk

Løypemelding frå nettverk som fekk tildeling frå NSG i 2019

- [PRESIMAL | MMIV](#) «Precision imaging and machine learning for better patient care - a proposal for a Norwegian research network” v/professor Ingfrid S. Haldorsen, Haukeland Universitessjukehus og nettverkskoordinator førsteamanuensis Eli Eikefjord, Universitetet i Bergen
- PROTECT Norway – a research network for online dementia prevention studies (nettverk for e-helse), v/Dag Årslund og Ingelin Testad, Helse Stavanger HF
- The Norwegian Respiratory Infections Network- ReSpiraNet [ReSpiraNet | Bergen Integrated Diagnostic Stewardship Cluster \(BIDS\) | UiB](#) (nettverk for infeksjonsmedisin), v/Harleen Grewal, Universitetet i Bergen

Vedlegg: presentasjonar

Vedtak: NSG tar informasjonen til etterretning

Sak 18/22 Kl.13.00-14.00 Global helse - forskningssamarbeid mellom sektorar – kva for rolle kan NSG ha?

v/ professor Gunbjørg Svineng, dekan ved Det helsevitenskapelig fakultet, UiT

- Global helseforskning – kva forstår vi med begrepet? v/ Jeanette H. Magnus , direktør Senter for global helse [Fra «Missions på norsk» til tverrfaglighet, bærekraft, folkehelse og tilnærminger til læring! - Universitets- og høyskolerådet \(uhr.no\)](#)
- Korleis fremme forskning innafor global helse? Kan NSG bidra?

Punkt frå diskusjon

- Innafor global helse er fokus oftast på primærhelseteneste, lite satsing på spesialisthelseteneste - innovasjon, implementering, helsetenesteøkonomi og teknologisk utvikling etterspurt
- kan trekkje parallell til problemstillingar knytt til forskjell i helsetilbod til ulike grupper nasjonalt
- unngå at fleire ulike nettverk har fokus på dei same problemstillingane, avveie kva som skal vere tema i kva for nettverk

Vedtak: NSG tar informasjonen til orientering. NSG skal følgje opp ved å invitere representant frå Global Health Norway på neste møte

Pause 14.00-14.10

Sak 19/22 Kl. 14.10-14.30 Informasjon frå departementa (ikkje referatsført)

Vedtak: NSG tar informasjonen til etterretning

Sak X/22 14.30-14.40 Eventuelt/avslutning